

62. ¹Tone: Far verdi farvel

Han Ola aa eg
Me hadde det soleis at møki me dreg
Um vaaren paa aaker umhausten paa eng
Me meiner at baae det soleis no treng
Aa røynsla hev lært os i sanning tilrest
At deetta er best.

Ein da me gjend dreg
Ein mann kjeme vegen han helsar paa meg.
Eg skjemdest no eg var skjeten aa sund
Men mannen han standsad me *røda* ei stund
Han Ola kjem hitt aat han sette seg ned
Aa *røda* no med

Aa *røda* gjekk ut
Paa ditta at kvar for si *føda* hev sut
Um vaaren vil folk hava gjødselen aag
Dei trenger um *føda* kvar grein aa kvar taag
Den eine paa ditta den andre paa da
Aa so maa det ga.

Her er no slik tur
Um daning um fjelga um kunst aa kultur
Aa sant skull me venta aa finna det slik
Den fatike vyrdast sovel so ein rik
Men rota ein i da so mange dei vert
so soleis hev lært.

Eg segje so eg
Kva enten det raakar no meg eller deg
Ein katt utan nase det er ingjen katt
Ein hatt utan krune de er ingjen hatt.
Ein mann utan vyrdna er vesalle mann
Aa lite til gagn.

Solengje so me
Gaar tumla i detta er huga sjaa ne
Paa den aa paa hin aa sjølv høgare sta
Slikt virkar til skilnad aa er ikkje bra
De daarlegt aa næra ei slike natur
Ein eig kje kultur.

Den frammande sa
Eg kan vel for morro faa prøva aa dra
Jau det kan du faa men du byta maa klæ
For vyrdnad for klædi maa aag fylja med
So bytte me klæde aa lasse han dreg
Aa kvila fekk eg.

Daa Olaen sa
Aa draga paa gjødsel da skjemme kje da
Alt yrkje so kviler paa ærlige grunn
Skal vyrdast av alle i hjarta aa mund
So bytte me klæde me einige stod
Ja lærdom er god.